

## I klasserommet til Signe

Dette dømet er omsett og tilpassa norsk skulekontekst frå Guthrie (2004) med løyve frå forfattaren.

*Denne teksten viser eit døme på korleis lærar Signe saman med ei gruppe elevar les og stiller spørsmål for å hente ut meininga i teksten. Signe deler 30-minuttsøkta i to, der den første delen handlar om å få betre leseflyt, og den andre handlar om å lære enkle strategiar. Økta er basert på motivasjonsforskarer Guthrie si tilnærming, der læraren si modellering av strategiar for å kunne forstå ein tekst er sentral. Framgangsmåten Signe bruker er ikkje avgrensa til ei bestemt bok, men er enkel å overføre og bruke i arbeid med andre tekstar og bøker.*

### Å stille spørsmål til teksten «Å leve saman»

Det er i måndag i starten på november, og i klasserommet følgjer vi lærar Signe som har 3. trinn. Elevane ligg generelt godt an i høve kompetansemåla for 2. trinn i læreplanen. Signe har likevel lagt merke til fire elevar som ho ønskjer å følgje opp nærare, og Les\_3 stadfestar at dei er mellom dei 20 % som skårar lågast i lesing. Dei har dårleg leseflyt på grunn av vanskelege ord. Lesinga blir usamanhengande, og dei strevar med å vite kva dei skal gjere for å forstå når teksten blir vanskeleg. I dag vil Signe jobbe med **korleis ein kan stille gode spørsmål til teksten for å forstå han betre.**

I klassen er det stasjonsundervising, og Signe samlar dei fire elevane og gir dei eit eksemplar av den fargerike dyreboka *Å leve saman*.

«Sjå på framsida. Kva ser de her?» spør ho.

«Ein flodhest», seier Mats. «Eg ser ein stor okse med horn», seier Anne. «Ein fugl», held Sienna fram. «Eg ser ei reke og ein fisk», seier Daniel.

«Ja, de bruker auga godt i dag», kommenterer Signe. «Lat oss gå til side 2. Kva ser vi her?»

Elevane held fram med å fortelje det dei ser på side 2 til 5, som stort sett er fisk og fugl i ulike storleikar. «No skal vi **lese teksten saman med kviskrestemme**», seier Signe.

Signe begynner, og alle les følgjande tekst saman:

*Nokre store og små dyr lever saman. Dei små dyra hjelper dei store dyra med å halde seg reine. Denne reka lever saman med denne fisken. Den vesle reka held fisken rein. Denne vesle fisken lever saman med denne store fisken. Den vesle fisken kan halde rein munnen til den store fisken.*

Dei fleste elevane kjenner att orda, sjølv om mange av dei bruker tid på å kjenne att «saman», «reke», «munn». Barna les veldig sakte og kvart ord isolert. Nokre ... store ... og ... små ... dyr ... lever ... saman. Nokre av elevane lyderer orda bokstav for

bokstav. Leseflyten til elevane er for dårleg. Ingen av orda i nokon av setningane blei lesne samanhengande eller med innleving.

Signe held fram: «Lat oss **lese dette igjen, og denne gongen skal vi få det til å høyrast interessant ut**. Vi vil at både vi og andre skal tenkje at det vi les, er veldig *interessant*.» Dei les følgjande tekst ein gong til:

*«Nokre store og små dyr lever saman. Dei små dyra hjelper dei store dyra med å halde seg reine.»*

Når elevane les denne gongen, er det fleire ord som blir sette saman til frasar, slik som «små dyr» og «store dyr». Elevane koplar teksten med biletet som viser ein stor fisk med ein liten fisk som gjer reint i munnen til den store. Signe les ferdig side 4 og 5 **saman** med elevane, og rettleier elevane til å **lage meningsfulle frasar** som «den vesle reka» og «munnen til den store fisken».

Elevane har no øvd på å gå frå einskildord til frasar, og opplever at **ordklyngene gir mening til heilskapen**. På berre 10 minutt har dei gått frå å lese orda isolerte, til å lese adjektiv–substantiv- og adjektiv–verb-samansettingar som gir mening: dei har fått betre leseflyt.

No når elevane meistrar dei første 3 eller 4 sidene av *Å leve saman*, spør Signe elevane om å sjå på tittelen, overskriftene og bileta i den delen dei har lese. «Kva handlar det om?»

«Store dyr», seier Anne. «Små dyr», svarer Mats. «Store dyr og små dyr som lever saman», seier Daniel.

«Det er ein fin måte å seie det på», svarer Signe. «Lat oss skrive det ned.»

Signe skriv «Store dyr og små dyr som lever saman.», og elevane skriv det same.

«Skriv eit spørsmål som du kan finne svaret på i denne boka eller på desse sidene vi har lese», foreslår ho deretter.

«Kva for eit spørsmål har du, Anne?» Anne svarer: «Kvifor et ikkje den store fisken den vesle fisken?» Ho har sett eit bilete av ein stor fisk som får munnen sin gjord rein av ein liten fisk.

«Dette er eit kjempefint spørsmål. Vi skriv det ned.» Signe skriv spørsmålet, og elevane gjer det same. Det tek nokre minutt å gjere dette ferdig. «No skal de lese side 2 til 5 og sjå om de finn svaret på spørsmålet: «Kvifor et ikkje den store fisken den vesle fisken?»

Etter eit par minutt spør Signe: «Fann de svaret på spørsmålet: «Kvifor et ikkje den store fisken den vesle fisken?»

«Nei», seier Anne. Daniel svarer: «Fordi ein stor fisk vil bli rein i munnen.»

«Står det i boka?» spør Signe.

«Nei, men vi kan tenkje oss til det når vi les det som står», svarer Daniel. «Det er eit godt svar på spørsmålet vårt. Ofte står ikkje heile svaret i teksten, og vi må tenkje oss til det.»

Signe konkluderer: «Vi har stilt eit godt spørsmål om denne boka.»

«Eg har lyst til å lese resten av boka», seier Mats.

«Kan vi fortsette?» legg Daniel til.

«Vi er ferdige for i dag», seier Signe. «Vi kan halde fram med å lese denne boka i morgon. No kan de gå tilbake til gruppene dykkar.» Med dette er dag 1 av enkel strategiinstruksjon ferdig.

I denne casen modellerer lærar det å lese med flyt ved å lese saman med elevane, ved å lese teksten fleire gonger, ved å lese på ulike måtar, ved å få det til å høyrast interessant ut og ved å kople einskildord til frasar.

Lærar modellerer strategien å stille spørsmål til teksten ved å formulere spørsmål om kva elevane ser på sidene, om kva boka handlar om, før dei formulerer eit spørsmål dei kan stille ut frå teksten. Dei finn ikkje svaret på spørsmålet direkte i teksten, og elevane vil lese vidare for å sjå om dei finn eit svar.

Lærar kan stille spørsmål til elevane for å auke medvitnet rundt strategiane:

Vart det enklare å forstå teksten når vi las han fleire gonger?

Vart det enklare å forstå kva teksten handlar om når du stilte spørsmål til teksten?